

Massivt ja til Statkraft

■■ Ottast for lønsemda ■■ Men to parti mot

LEIKANGER: Det nye fylkesutvalet er ikkje mindre sugne på ny vasskraft enn det gamle.

I går gjekk fylkeskommunen si «regjering» inn for å stø Statkraft si utbyggingspakke på vestsida av Jostedalen og i Vigdøla. Venstre og KrF gjekk mot bade dei konsesjons-søkte inngrepa.

Uavkorta

Ap og Sp såg bort frå fylkesrådmannen sin freistnad på å halda Krundalen borte frå Statkraft sine klør. Dei to største partia, Sp og Ap, ottast for statsaksjeselskapet si lønsemd, dei sytte såleis effektivt for at Statkraft si omsøkte pakke passerte uavskoren i det første fylkesutvalet denne perioden.

I verste fall

Om Vestsiddeelvane i Jostedalen sa fylkesvaraordførar Jenny Følling dette:

– Utbyggjinga må skje i tråd med søknad, det er elles fare for at prosjektet blir marginalt og at det i verste fall ikkje blir gjennomført.

Men mindretalet, Trude Brosvik og Marit Barsnes Krogseter, har ingenting i mot at varaordføraren sitt skrekkscenarium blir ein realitet.

Distad-framlegg

Venstre og KrF går mot utbyggjinga både i Vigdøla og på Vestsida og stør såleis den massive protesten frå grupper i dalføret som prøver overleva på andre næringar.



STEMTE MOT: Venstre og KrF, her ved Marit Barsnes Krogseter og Trude Brosvik, var dei einaste to i fylkesutvalet som gjekk mot Statkraft sine planar i Jostedalen.

Noralv Distad spelte inn eit framlegg om at eit ja frå fylkeskommunen heng på at Statkraft kjem att med eit nytt og betre tilbod til Luster. Han fekk ikkje støtte for dette.

Morska seg

Fylkeskommunen klarte

såleis ikkje mobilisera nok mot til verkeleg å koma Luster til hjelp, som var Distad frå Høgre sitt ærend. Men Fylkesutvalet morska seg til å «krevja», ikkje berre «be», utbyggjaren revurdera tilbodet til Luster. Statkraft sitt tilbod til Luster har som kjent opprørt dei mest ihuga

tilhengjarar av kraftutbyggj-ing.

To roller

Fylkeskommunen handterer to roller når fylkesutvalet blir konfrontert med den kontroversielle utbyggjinga i Jostedalen. Politikerane i Fylkeshuset er eit forvaltningsnivå

med ei høyringsrolle i prosessen. Men fylkeskommunen er også storeigar i SFE, som har monalege eigarinteresser i Leirdøla.

Terje Eggum

terje.eggum@sognavis.no